

## Vilkår for tildeling av tilskot til verna kulturminne 2024

Det overordna målet med ordninga er å sikre kulturminneressursane i regionen som vitskapeleg kjeldemateriale og grunnlag for nolevande og framtidige generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemde.

Føremålet med tilskotsordninga er å minimalisera tapet av verneverdige kulturminne gjennom å støtte kommunar som tek ansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale og regionale mål. Ordninga skal stimulere til auka innsats på kulturminnefeltet og styrke vern av prioriterte kulturminne av lokal og regional verdi.

Vestland fylkeskommune tildeler midlar til kommunane på grunnlag av søknadar frå eigarar av kulturminne som er prioriterte i kommunen sin kulturminneplan. Det er òg sett av ein communal pott til forsterking av ordninga. Denne blir tildelt etter same kriteria som for ordninga elles. Mottakarar av støtte skal venda seg til kommunen i søknads- og tildelingsprosessen. Me oppmodar søkerar om å ta kontakt med kommunen i forkant for å sikra ein god søknadsprosess.

### Kva kan støttast

Det kan berre søkast om tilskot til faste kulturminne i Vestland fylke som er:

- prioriterte i communal kulturminneplan
  - vurderte av fylkeskommunen som kulturminne av regional verdi eller interesse
- Kulturminne regulert til bevaring eller med omsynssone for kulturmiljø etter Plan- og bygningslova vert prioriterte

Tilskot skal i første rekke nyttast til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg.

Tilskot kan også nyttast til andre tiltak i handlingsplan til kulturminneplan, som kurs og formidling.

### Kva kan ikkje støttast

- › Tiltak på kulturminne i statleg, fylkeskommunalt eller kommunalt eige.
- › Tiltak på freda kulturminne.
- › Ordinær vedlikehald og drift
- › Tiltak der arbeidet er gjennomført eller starta opp før tildeling.

### Vilkår for tildeling

Tildeling føreset at minst 50% av kostnaden er finansiert frå andre kjelder. Dette må gå fram av finansieringsplan. I særlege høve kan kravet fråvikast.

Tiltaka skal følgje antikvariske retningslinjer med desse hovudprinsippa:

- Skift så lite som mogleg. Der utskifting er nødvendig, skal originale deler kopierast. Dette gjeld òg for kledning og listverk.
- Bevar konstruksjonsmåtar
- Bruk god materialkvalitet, tradisjonell taktekking og tradisjonell overflatebehandling
- Behold originale vindauge og dører

Gode råd om restaurering finn du på [byggogbevar.no](http://byggogbevar.no).

Utførande handverkarar må ha utdanning eller realkompetanse innan bygningsvern og kunne vise til erfaring frå tilsvarende prosjekt. Tiltaket må gjennomførast i samsvar med søknaden. Eventuelle avvik frå dette må meldast til kommunen snarast råd.

## Varigheit

Tilskotet gjeld ut tildelingsåret og det påfølgande år. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført i løpet av tildelingsåret, skal det leverast ein førebels statusrapport for prosjektet til kommunen innan 1. januar 2024. Tiltaket må vera fullført og endeleg rapport levert innan 1. november 2024.

## Rapportering og utbetaling av tilskot

Tilskot blir utbetalt etter at tiltaket er gjennomført og dokumentert med rapport Det utførte arbeidet skal godkjennast av kommunen før utbetaling.

Rapporten skal innehalda:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av før- og etter-foto e.l.

Rekneskapen må dokumenterast med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet. Tilskotsmottakar har ansvar for å kontrollera at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Søkjarar har rett til å gjera seg kjend med dokumenta i saka etter Forvaltningslova, med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

*Søknadsfristen til Sveio kommune er 1. januar 2024*